



## Notat

Dato: 21.11.2018  
Arkivsak: 2014/11776-3  
Saksbehandlar: josfjer

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål - status for arbeidet med lokaler på Austrheim vgs

I vedtatt skulebruksplan frå oktober 2016 (sak ) og med endringar vedtatt mars 2017 (sak ) vart følgjande vedtatt:

*Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Endelig vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform.*

Vidare vart det gjennom investeringsplanen i skulebruksplanen vedtatt at det skulle etablerast ny skule i Austrheim ferdigstilt i 2027.

Arbeidet med å etablera ny skule vil normalt starta opp 5 år innan opning, som for Austrheim vil vera i 2022. Det er difor berre gjennomført normal vedlikehald ved skulen og det er ikkje planlagd vesentlege arbeider ut over dette fram til ny skule er etablert.